



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2077 - 18/23670

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
08.08.2018

Oversender søknad om dispensasjon for tilleggsareal til eigedom med etablert fritidsbustad til uttale - gbnr 239/2 Eknes ytre


Tiltak: arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 239/2 Eidavegen 184
Tiltakshavar: Terje Jacobsen
Ansvarleg søkjar: Trygve Eknes

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF og LNF-spredd Eknes (0 nye einingar) for tilleggsareal frå landbrukseigedom gbnr 239/2 til eigedom gbnr 239/73 som er bebygd med ein fritidsbustad. Tilleggsarealet er i ytterkant av garden og grenser til ein driftsbygning. Gbnr 239/73 er oppretta i 1973 og vert nytta til fritidsbustad. Tilleggsarealet har vore nytta av gbnr 239/73 sidan 1973. Sidan 1980 er tilleggsarealet vore nytta som parkering for bilar for gbnr 239/73. Det er heimelshavarane, Trygve Eknes og Terje Jacobsen, som fremjar dispensasjonen.


Planstatus

Eigedomen – gbnr 239/2- Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 er definert som LNF (landbruk- natur og friluftsliv) og LNF-spredd Eknes.


Utsnitt av KPA



Utsnitt av grunnkart



Utsnitt av situasjonskart, datert 17.05.18



Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF –føremålet. Det er søkt om dispensasjon frå LNF.



Arealføremål for gbnr 239/73 er bustad, mens bustaden på eigedomen er registrert som fritidsbustad.

Tilkomst

Det er inga endring i tilkomst til eigedomena med tiltaket.

Vatn og avløp

Det er inga endring i vatn- og avløp til eigedomane med tiltaket.

Andre tilhøve

Eigedomen – gbnr 239/73- er i våre kartbaser vist å vere 325m². I KPA pkt. 2.20 er det ikkje vist til minimum areal for eigedom som vert nytta som fritidseigedom, men eigedomen synast å vere noko liten samanlikna med kravet i pkt. 2.4 for einbustad på minimum 650m². Arealføremålet for tomta er bustad, sjølv om bustaden er registrert som fritidsbustad. Med tilleggsarealet vert eigedomen 325+150=475m². Tilleggsarealet inkluderer plass for parkering på eigen grunn. Parkering skjer på oppsida av eigedomen, der tilleggsarealet er ønska frådelt. Parkering skjer i naturleg samanheng med tilkomstveg.

Tilleggsarealet er i dag ikkje ansett som godt jordbruksareal av heimelshavar av landbrukseigedomen – gbnr 239/2. I følgje heimelshavar er arealet lite og vil ikkje påverke landbrukseigedomen si drift.

I høve pbl. § 28-7, jf. § 26-1, så vert eigedomen – gbnr 239/73 - estetisk sett ikkje naturleg kvadratisk eller rektangulær. Samtidig vil bruken av tilleggsarealet stadfeste etablert bruk.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om arealoverføring - gbnr 239/2 Eknes ytre

Grunnkart matrikkel - gbnr 239_2 og 239_73

Kommunpankart oversikt- gbnr 239_2 og 239_73

Kommuneplankart - gbnr 239_2 og 239_73

Kopi til:

Terje Jacobsen	Dag	5144	FYLLINGSDALEN
	Hamarskjölds vei		
	93		
Terje Jacobsen	Dag	5144	FYLLINGSDALEN
	Hamarskjölds vei		
	93		

Kopi til:

Trygve Eknes

Eidavegen 188

5993

OSTEREIDET

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland

Kjartan Nyhammer

Planavdelinga

Postboks 7310

5020

Bergen